



Fylkesmannen Vestland
Statens hus
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1132 - 20/3737

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@alver.kommune.no

Dato:
22.01.2020

Høring - Dispensasjon frå arealformålet LNF og sikringssone H_190 i KDP for Meland for løyve til gjennomføring av grunnunderskingar i Rylandsvassdraget- Gbnr 305/3 m.fl , ALVER

Saka gjeld:

I samband med val av ny vegtrase for pågåande reguleringsplan for Fv. 564 Fløksand – Vikebø, planid 125620160010 har Asplan Viak på vegne av Statens vegvesen søkt om løyve til å gjennomføre grunnundersøkingar i Rylandsvassdraget jf. kartutsnitt under.




Raud ring viser området der det er søkt om for grunnundersøkingar.

Saman med søknad om tiltak i vassdraget er det søkt om å få utbetra ein opparbeida veg på gbnr 305/3 for å kunne ta seg fram til vassdraget med anleggsmaskiner.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00




Grunnundersøkingane er naudsynt på noverande tidspunkt av planarbeidet for å få kartlagt om planlagt vegtrase med fylling kan plasserast i dette området, samt for å avdekke eventuelle behov/andre tiltak knytt til denne plasseringa.

Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Søkjar opplyser at han har direkte dialog med grunneigar og SALAR AS (driv settefiskeanlegg i området).

Planstatus:

Vassdraget ligg i KDP, Kommunedelplan for Meland med sikringssone H190_1 Rylandsvassdraget. Sikringssona strekk seg over heile vassdraget og 50 meter ut frå vasstrengen. Det følgjer av føresegn 4.1.1 til KDP at det skal tas særleg arealomsyn i denne sona. Verneplanen for Rylandsvassdraget og sikringssona rundt er satt med bakgrunn i rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, og arealet er differensiert etter registrerte verneverdiar og arealtilstand. Vassdragsbeltet der undersøkingane skal gjennomførast er klassifisert i klasse 2 (orange) og 3 (grøn) i Kart1 til Forvaltning/Verneplanen, sjå kartutsnitt:



Veg som er søkt oppgradert er i KDP for Meland avsett som landbruk, natur og friluftsløv, LNF- området.

Dispensasjon

Søknad om dispensasjon datert 22.1.2020 ligg vedlagt.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga.

Saka er i følge forslagstillar ei hastesak då tidsrom for gjennomføring er planlagt i veke 5-6 (27. jan – 7. febr.) jf. søknad. Alver kommune ser for seg å kunne handsame søknaden raskt dersom uttalelse frå høyringsinstansar blir avklart.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Plan og byggesak

Merethe Tvedt

Rådgjevar
Plan og byggesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for forbodet mot byggjetiltak i verna vassdrag - Rylandsvassdraget (22313)

Mottakarar:

Fylkesmannen Vestland	Statens hus	6863	LEIKANGER
Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN